

Himmel & hav

INFORMASJON 2. ÅRGANG / NR. 3 2024



Jubileumsnummer!

1 år fyller Fjell kyrkje 150 år





Annlaug Børve
Kyrkjeverje



–Det var som å komme heim

Orda tilhøyrrer Magnar Bøyum. Det siste året er han ein av dei som har vore aller mest i Fjell kyrkje. Dag etter dag har han svinga hammaren for å setje kyrkja i god stand. Og han kjente altså det å komme til Fjell kyrkje som å komme heim.

Vi som er glade i Fjell kyrkje forstår kva Magnar meiner. Det er godt å komme inn i det ærverdige, gamle huset. Det kjennest som om kyrkja si 150 år lange historie sit i veggane. Generasjon etter generasjon har søkt til kyrkja i glede og sorg, kvardag og fest, og kyrkja har på denne måten gitt rammer rundt menneske sine liv. Dette skapar djupe røter og identitet både for enkeltmenneske og i samfunnet.

No gler vi oss til å feire 150-årsjubileum i ei nyrestaurert og vakker kyrkje. Vi nyttar høvet til å gje ei varm takk til Øygarden kommune som resolutt greip inn då vi melde om alarmerande rapportar knytt til kyrkja sin konstruksjon og stabilitet, og løyvde det som skulle til for å føre Fjell kyrkje tilbake til gammal prakt.

Det er ikkje berre Fjell kyrkje sine 150 år vi skal feire i jubileumsveka. Vi skal også markere Kristenretten som for 1000 år sidan kom med menneskeverd og likeverd, og Magnus Lagabøte si landslov som for 750 år sidan bygde retten på Guds fire døtre: Miskunn, sanning, rettferd og fred. No snakkar vi om verkeleg djupe røter, og verdiar som har forma samfunnet vi lever i i dag.

Jubileumsveka markerer vi 21.-29. september, og vi ønskjer deg hjarteleg velkommen til Fjell kyrkje. Velkommen til å utforske røtene dine.

Velkommen heim.

Utgjevar:

Øygarden kyrkjelege fellesråd

Ansvarleg redaktør:

Annlaug Børve, kyrkjeverje

Redaktør og grafisk utforming:

Yngvild Mørner Sørheim

Redaksjon: Olai Otterå (Sund sokn), Øyvind Angelskår (Foldnes sokn), Alvhild Vassel Eide (Landro sokn), Olav Martin Vik (Hjelme og Blomvåg sokn)

Framsidedeilete: Fest for Fjell kyrkje

Foto: Yngvild Mørner Sørheim



Trykk: RKGrafisk

Opplag: 4 nummer i året.

Frivillig kontingent: 350 kr i Øygarden, 400 kr utanbygds - Takk for di støtte!

Bankkonto kyrkjeblad: 1503.84.37590

Vipps kyrkjeblada i Øygarden: 82511

Innleveringsfrist for annonsar, artiklar og kunngjeringar til neste nummer av Himmelhav: 15. oktober

E-post redaksjon: ys487@kyrkja.no

Kontaktinformasjon

Øygarden kyrkjekontor,

Tytebærbrekko 2, 5353 Straume
Vi har kontor i andre etasje i Temahuset.

Telefon: 400 03 316

Ekspedisjonstid alle kvardagar kl. 09.30–14.30

E-post: post.oygarden@kyrkja.no

Nettsider: www.kyrkja.no/oygarden

Kvifor får du Himmelhav i postkassa di?

Magasinet blir lagt i alle postkassar i heile Øygarden. Det blir gjort fordi det blir rekna som informasjon, og ikkje reklame, i samsvar med Markedsføringsloven og Forbrukartilsynet si rettleiing for levering av uadressert reklame og aviser. Vi har dessverre ikkje høve til å trekkje ut adresser, så om du ikkje ønsker bladet, ber vi deg om å sortere bladet i papirsøppelet. Bladet er trykt på resirkulerbart papir.

Innhald



- 04** –Grunn til å vere stolte
- 05** Gammal prakt i ny drakt
- 06** Dette har blitt gjort
- 07** Reisebrev frå Egypt
- 08** Konsertar og arrangement
- 10** Aktivitetar i kyrkjene
- 12** Diakoni i Øygarden
- 14** Øygardssong
- 15** Sund blandakor

- 16** Tankar frå presten
- 18** Livets gang
- 19** Livets lys-gudsteneste
- 20** Barn og unge sine sider
- 23** Kunst frå skuleelevar
- 24** Smånytt
- 27** Barnekorkonsert
- 28** Fest for frivillige
- 29** Nye i kyrkjestaben
- 30** Gudstenester



Jubileumsinnstikk

- 01** Barn om Fjell kyrkje
- 02** Dei mystiske tala
- 04** Soknerådsleiar om nyopninga
- 05** Helsing frå biskopen og frå soknepresten
- 06** Kirkja under Fjalle
- 08** Kunstkyrkja
- 10** Kyrkja og krigen
- 12** Jubileumsveka

Himmel&hav er eit gratis magasin med frivillig kontingent frå Den norske kyrkja i Øygarden; sokna Sund, Fjell, Foldnes, Landro og Hjelme og Blomvåg.

Alle har grunn til å vere stolte

Kyrkja og kyrkjebygget har stor betydning i kommunen vår, og å sikre kyrkja for framtidig bruk er viktig, meiner ordførar Tom Georg Indrevik.

Tekst: Annlaug Børve

Foto: Vagleik Brekke, Øygarden kommune

Øygarden kommune har løyvd heile 44 millionar kroner til rehabiliteringa av Fjell kyrkje. Når vi spør kva som får kommune-politikarar til å løyve store summar til eit kyrkjebygg, er svaret enkelt: –Når vi kom opp i ein situasjon der det viste seg at alternativet var at vi kunne risikere å måtte stenge Fjell kyrkje, så var vel valet kanskje ikkje så veldig stort, seier Tom Georg. –Heldigvis ville fleirtalet i kommunen stille opp med dei pengane som skulle til for å sikre bygget for framtida. Og det tenkjer eg er viktig. Det er viktig å kunne ha tilgjengelege kyrkjebygg, og ikkje minst vise at vi tek vare på dei vi har.

Tom Georg er ikkje i tvil om at kyrkja betyr mykje for folk i Øygarden. –Vi er ein av dei kommunane der også sjølve aktiviteten betyr mykje, seier han. –Vi er heldige som har aktive kyrkjelydar i heile kommunen. Vi har eit tett samarbeid om mange tenester som ein ikkje tenkjer berre som kyrkjelege tenester, til dømes aktivitetar for barn



og unge. Så eg trur kyrkja og kyrkjebygga betyr mykje for innbyggjarane i Øygarden. Og det håpar eg den også skal gjere i framtida.

Fjell kyrkje er Tom Georg si eiga kyrkje, i den forstand at dette er kyrkja han soknar til. –I og med at eg har vakse opp på Kolltveit, så høyrer eg jo til Fjell kyrkje. Eg var så heldig å gå ungdomsåra mine der, og vi hadde ein fantastisk prest i Leif Jarle Theis. Han omsette verkeleg den kristne bodskapen til praktisk handling i møte

med oss unge. Kyrkja var open for oss. Eg hugsar spesielt kveldane vi fekk lov til å vere der på forskjellige aktivitetar. Dei gode minna frå den tida og den måten Leif Jarle tok imot oss på, det vil eg ta med meg heile livet.

Det er ikkje berre Fjell-sokningane som har grunn til å glede seg over den nyrestaurerte kyrkja, meiner Tom Georg. –Kommunen er summen av dei innbyggjarane som bur der. Og når vi har valt å prioritere å bruke kommunen sine inntekter til å vedlikehalde og

renovere Fjell kyrkje, så har alle innbyggjarane i heile kommunen grunn til å vere stolte. Alle som køyrer forbi har grunn til å glede seg over bygget som står der, så flott som det er blitt, seier Tom Georg.

–Og så håpar eg folk vil nytte høvet til å komme både på aktivitetane i Fjell kyrkje si jubileumsveke, men også at ein nyttar aktiviteten rundt i dei andre kyrkjebygga i kommunen, og deltar aktivt i det arbeidet som er - anten ein er gammal eller ung.



Gammal prakt i ny drakt

Sommaren 2021 fekk fellesrådet framlagt ein faretruande tilstandsrapport for Fjell kyrkje. Konstruksjonen i tak og veggjar var for svak til å halde oppe det 37 tonn tunge skifertaket, og noko måtte gjerast.

Tekst og foto: Anlaug Børve

Tre år seinare står rådgjevar for det antikvariske arbeidet Helge Kleemann og tømrrabas Magnar Bøyum frå hovudentreprenøren Akasia AS og ser på den nyrestaurerte kyrkja. Helge har halde i planane, og Magnar har halde i verktøyet, og saman med ei maurtue av andre dyktige fagfolk har dei sørga for å føre Fjell kyrkje trygt tilbake til gammal prakt.

Å arbeide på eit bygg som mange menneske er knytt til gjer noko med dei som kjem for å jobbe på kyrkja. –Det var som å komme heim. Samarbeidet har vore på topp, det kunne ikkje ha vore betre, seier Magnar. –Så er vi jo vant til å jobbe med kyrkjebygg. Det er spesielt, både når du kjem inn og jobbar rundt og med kyrkja. Vi har innebygd i oss at dette er eit gudshus. Ein er litt meir forsiktig og kjenner på respekt for det ein held på med, seier Helge.

Det nydelege glasmaleriet i koret har stått på plassen sin gjennom

heile prosjektet. Når vi spør korleis det er å arbeide rundt eit så skjørt kunstverk, er det tydeleg at dette er noko Magnar er vant til.

–Erfaringa som ein har med seg gjer at ein tar omsyn til det som er rundt, både med verktøy, det du har i lommene, måten du snur deg på og måten du tenkjer på kvart einaste minutt du er der. Omsyn til både materiell, verktøy, deg sjølv, HMS og heile pakken er viktig.

Undervegs har ein teke mange antikvariske omsyn. Dette inneber mellom anna gjenbruk av materiale. Innimellom kan dette opplevast som utfordrande.

–Materialet som opprinneleg var brukt var ikkje den beste kvaliteten, seier Magnar. Men han er til gjengjeld svært fornøgd det nye materialet som vart sett inn.


–Det har imponerande kvalitet, med over 80 % alm. Det er ikkje alltid vi ser så fin kvalitet.

Nokre overraskingar dukka opp undervegs i arbeidet. –Det var ein

del større skader enn det vi trudde før oppstart av arbeidet, både med tak, vindaug og veggjar. Så det er gjort ein større innsats enn det som i utgangspunktet var tenkt, seier Helge.

Helge legg vekt på det å få eit godt resultat. I ei gammal kyrkje gjeld det å føre kyrkja tilbake til gammal prakt. –Ser ein ikkje at det er blitt gjort noko, så er det bra. Viss folk kjem og seier at det er akkurat som før, då er det perfekt.

Både Helge og Magnar synest at det har vore fint å arbeide på Fjell kyrkje. –Samarbeidet med fellesrådet og med byggeleiinga har vore veldig godt. Det har vore fin flyt i arbeidet og alle har vore løysingsorienterte. Og då går alt så mykje lettare. Vi har fått gjort arbeidet så raskt og effektivt som det var mogeleg å gjere det, avsluttar dei.



I 2021 vart det avdekka at Fjell kyrkje hadde omfattande manglar knytt til mellom anna tak, veggjar og vindauge. Øygarden kommune har løyvd til saman kr 44. mill til rehabilitering av kyrkja. Målet har vore å utbetre feil og manglar, og legge til rette for ei meir energieffektiv, vedlikehaldsvennleg og forutsigbar drift.

Oppsummert er følgjande arbeid utført:

- Takkonstruksjon på skip, kor og sakristi er utbetra og retta opp. Skifertak er omlagt, gammal skifer er gjenbrukt.
- Kledning på ytterveggjar er teken av og råteskadd laft er skifta. Brukbare delar av gammal kledning er gjenbrukt.
- Ytterveggjar og tønnekevelv er isolert med trefiber. Det er etablert lufting i kledning.
- Berande veggjar i sakristia er forsterka.
- Roteskadd søyle i kyrkjerommet og fundamentet den kviler på er reparert.
- 8 blyglasvindaug er restaurert. Deler av trevirket er skifta, sprosser er restaurert av smed. 16 000 glas er teken ut og blyet er skifta.
- Det er støypt rampe og sett inn ny dør i kyrkjelydssalen.
- Det er installert ny varmepumpe og transformator, varmtvassstankar og konvektorar.
- Det er montert avfuktar under tårngolvet.
- Nye takrenner, nedløp og mønebeslag er montert.
- Fasadar på skip, kor, sakristi og tårn er måla.
- Fasadevask av kyrkjelydssalen.
- Innvendig måling av veggjar og benkar.

Arbeidet med vindauga og råteskader i laftekasse var mykje meir omfattande enn det ein på førehand hadde trudd. Arbeidet vart difor dyrare enn ein hadde teke høgde for, og delar av arbeidet måtte taksast ut av kontrakten. Dette står igjen:

- Tekking av kopartak på tårn.
- Reparasjon av vindaug i tårn og kor, samt to mindre vindaug i skip.
- Isolerglas til vindauga.
- Omlegging av tak på kyrkjelydssal.



Reisefølget saman med den egyptiske guiden



I "søppelbyen" i Kairo lever kopterane av å sortere søppelet.

Reisebrev frå søppelbyen i Egypt

Tekst: Hogne Berland

Når livet består av å bu på ein søppelplass utan jobb og med lite framtidsutsikter, så må heile familien i sving med å sortere søppel for å få pengar til mat på bordet. Kan det finnast håp ein slik stad?

I april i år fekk eg sjanse til å reisa til Kairo i Egypt saman med tidlegare ungdomsarbeidarar Johanne Hatten og Ole Martin Solsvik. Med på turen var også Christine Gripsgård Lunga og Joar Haavik frå Stefanusalliansen. Kyrkjelyden i Hjelme og Blomvåg har i fleire år støtta hjelpearbeid i slumområdet i Kairo gjennom Stefanusalliansen. Området vert av mange kalla Søppelbyen, sidan det rett og slett er ein søppelplass. Her bur det stort sett kristne kophtarar, ein undertrykt minoritet i Egypt som lever av å sortere søppel.

Lukta slår i mot oss då vi går ut av bilen i søppelbyen. Overalt er det søppel og mange, mange fluger, både i gatene og inne i dei enkle murbygningane. Målet for dagen er å besøke ein av barnehagane som vi er med og støttar. Det er rart å tenke at nokon kan drive ein barnehage her, men då vi kjem innom porten er det nesten som ei anna verd.

Her er det reint og ryddig. Vi vert møtt med tilbod om fotvask og får omvisning i barnehagen. I denne vesle oasen får borna eit godt måltid, dei får vaske seg, leike, lære og dei får vaksne som har tid til dei. Vi skjønar også at dette ikkje berre er ein barnehage. Her får ungdommar og vaksne opplæring i å lage sko og klær. Her er kurs for mødre, ein liten helsestasjon, leirar for eldre barn og mykje anna. Det finst no

102 slike barnehager rundt om i søppelbyen. Familiene til barna i barnehagen vert også fulgt opp med heimebesøk og mat- og helsehjelp.

Kan det finnast håp ein slik stad? Behova til barn og vaksne som bur her, er enorme. Og mange er framleis ikkje omfatta av arbeidet som vert drive. Men i barnehagen fekk vi sjå glade barn som fekk avbrekk i kvardagen og oppfølging av flinke vaksne. Vegen ut av slummen vil vera lang, men arbeidet som vert drive her gjev håp for den enkelte. Eg reiste heim frå Kairo med ei overtyding om at det nyttar og at pengane vi samlar inn gjer ein forskjell for enkeltmenneske.

Konfirmantjubileum i Fjell kyrkje



I år vert det jubileum for dei som vart konfirmert i Fjell kyrkje i 1944, 1949, 1954, 1964 og 1974. Jubileumet blir søndag 13. oktober i Fjell kyrkje.

Det vert sendt ut invitasjonsbrev, men vi veit at vi ikkje når alle med det.

Pris kr. 430,-. Ev. foto tilsendt, kr. 140,- i tillegg. Påmelding med navn, adresse, telefonnummer og konfirmasjonsår.

Kontakt:

Gerd Fjeld Andersen: SMS 901 94 841
fjanders@outlook.com

Kyrjekontoret: Telefon: 400 03 316
post.oygarden@kyrkja.no



Vokalgruppa Bless

Foldnes kyrkje
Sønd. 22. sept. kl. 19:00

Strusshamn kirke
Tors. 26. sept. kl. 19:30

Askøy gospelkor

Billetter:
Forhåndssalg:
VIPPS #903030
Kr. 150,-
I døren:
Kr. 200,-
Barn under 12 år:
gratis

**Vokal-
gruppa
Bless**

Sund kyrkje
Torsdag
12. september
kl. 19.30

Velkommen til konsert!
Billetter: 200kr

Allsongkveld i kjellaren i Foldnes kyrkje

Tysdag 22. oktober og
tysdag 19. november kl. 19.30

Variert utval av songar; både frå salmeskatten og den allmenne songskatten, både nytt og gammalt, både dei kjende og kjære og nokre spennande overraskingar – men alltid gode songar som det fell lett å synga.

Forsongarar og stødig komp.

Gratis inngang - høve til å kjøpa kaffi og noko å bita i.



Velkommen til

Allehelgens- gudstenester

søndag 3. november

Vi tenner lys for dei
som døde det siste året.
Sjå side 30 for oversikt.



Sorgseminar i
Foldnes kyrkje
24. oktober
kl. 19.00

«Når sorga vert ein del av livet»

Fellesskapskveld

Onsdag 2. oktober kl 18.30
i Hjelme kyrkje

Film, bilete og forteljingar frå Egypt
og arbeidet til Stefanusalliansen

- Ved Hogne Berland, Ole Martin Solsvik
og Johanne Hatten
- Gospelteens syng
- Konkurransar, god mat og godt fellesskap



FRIVILLIG-LIVET

Hels på Arne Dāvøy



Arne Dāvøy har vore veldig oppteken av kyrkja og spreinga av Guds ord for både barn og eldre, fortel han. Det er gjerne difor han har vore eit kjent ansikt blant dei frivillige i Sund sokn i mange år og er det framleis, sjølv om han i desse dagar passerer 84 år.

Arne og kona Gerd flytta til Sund i 1973, og i 1974 bygde dei hus i Klokkarvik, ikkje langt frå kyrkja. Alt ganske tidleg samla han barn til Yngres heime i stova. Då stova vart for lita, flytta dei over i bedehuset og dreiv både Yngres og Yngstes, det siste med hjelp av kona. Arne dreiv også med søndagsskule i Sund.

Då oppdraget som klokkar i dei to kyrkjene vart ledig, var Arne Dāvøy ein av dei som tok på seg oppdraget. Fleire gonger i halvåret er han difor å sjå som klokkar både i Sund kyrkje og i Kausland kyrkje. Om han ikkje er klokkar, dukkar han gjerne opp som forsongar når det trengst.

Det er også Arne Dāvøy som dei seinare åra har stått i spissen for Føremiddagstreffa i Sund ein gong i månaden i Klokkarvik og Kausland. Det er han som skaffar ein gjest til kvar samling, og han leier samlinga som er i Klokkarvik annakvar månad.

Tekst: Olai Otterå

Vil du vere med i det frivillige arbeidet i kyrkja? Kontakt diakon/iarbeidar i di kyrkje, sjå s. 31.

Nyinnflytta? - Dette er nokon av



Babysong

Gjennom rytme og song blir kontakt knytt mellom foreldre og barn. Vi har babysong i dei fleste kyrkjene/sokna. For meir informasjon sjå kyrkja.no/oygarden/babysong



Myldredag

I Sund sokn er det myldredagar med middag, bibelforteljingar og aktivitetar, og sjølsagt godt fellesskap. Her er alle i aldre velkommen!



Barne- og ungdomskor

I kyrkja i Øygarden har vi forskjellige kor for alderen eitt år og heilt opp til vidaregåande. Sjå kyrkja.no/oygarden/kor for å finne det koret som passar best!

Gudsteneste

Nesten kvar søndag inviterer vi til gudsteneste i dei ulike sokna. Nokre gonger inviterer vi til gudstenester i samarbeid med trusopplæring, der ei spesiell aldersgruppe får ei gåve. Andre gonger har vi jazzgudsteneste, friluftsgudsteneste eller familiegudsteneste. Ofte er det fellesskap med kyrkjekaffi etterpå. Sjå s. 30 for oversikt.



Kva er eit sokn?

Eit sokn er eit geografisk område som kan ha ein eller fleire kyrkjer. I Øygarden har vi fem sokn: Sund, Fjell, Foldnes, Landro og Hjelme og Blomvåg.

aktivitetane i kyrkjene i Øygarden



For tweensarar

Vi har egne klubbar for aldersgruppa mellom småbarn og ungdom. Desse finn du i kyrkjene Sund, Fjell og Foldnes. Les meir på kyrkja.no/oygarden/tweens



Ungdomslørdag / -klubb / Refuel

Uansett kvar du bur i Øygarden kan vi tilby ein trygg og god møteplass! Her finn du gode fellesskap og meningsfulle aktivitetar. Les meir på kyrkja.no/oygarden/ungdom



Vaksenkor og kyrkjebrass

Vi har to faste vaksenkor i Øygarden: i Foldes kyrkje og i Fjell kyrkje. Vi har også kyrkjebrass som øver i Landro kyrkje. Les meir om kora, prosjektkor og forsongarteneste her: kyrkja.no/oygarden/kyrkjemusikk



Basargrupper

Liker du handarbeid? I fleire av kyrkjene har vi ulike møteplassar der vi mellom anna lagar gevinstar til basarar og har det sosialt saman. Les meir på kyrkja.no/oygarden/basargrupper



Formiddagstreff

Treff blir arrangert i alle sokna. Her er det foredrag, andakt, song, god mat og fellesskap. Les meir på kyrkja.no/oygarden/treff

Skjerikyrkja.no

Alle arrangementa ligg inne på Den norske kyrkja sin nasjonale kalender skjerikyrkja.no



Diakoni i Øygarden

Kyrkjelydane i Øygarden driv med fellesskapsbyggjande arbeid på mange ulike måtar. Du er velkomen til å ta del på den måten du vil. Enten ved å berre vere til stades, eller ved å bidra på ulike måtar.

Foto: Olav Otterå

Tekst: Astrid Fylling

På dei fleste samlingar vi har, serverer vi mat og har tid til prat. Konkrete tilbud er mellom andre turgruppe, basargrupper, samtalegrupper, småprat med noko attåt på Rong, generasjonskveld i Landro, Song- og salmekveld i Hjelme. Fjell kyrkje er open kvar onsdag føremiddag. Dit kan du kome, sitje i stilla og tenne eit lys, eller òg møta andre over ein kaffi og vaffel og få med deg ein kort andakt. Kyrkjekjellaren i Foldnes er open for bruk. Der skjer det mykje og der er forandringar og nytenking mogleg.

Informasjon om enkeltsamlingar ligg på nettsidene våre, kjem i Vestnytt og skjerikyrkja.no. På nettsidene og på s. 31 ligg òg kontaktinformasjon til tilsette i dei ulike kyrkjelydane. Ta gjerne direkte kontakt.

Treff på formiddagen

Hjelme og Blomvåg: første torsdag i månaden. Landro: Siste onsdagen i månaden. Foldnes: første onsdag i månaden. Sund: siste onsdag i månaden. På treffa er det alltid god mat, god prat, undervisning om eit tema og ein andakt. Du er velkomen på alle treffa i alle kyrkjelydane.

Samtalar om livet

Diakonane og prestane har både utdanning i og erfaring med å snakke med menneske i ulike livssituasjonar og tilbyr samtalar med einskildmenneske. Vi har tid til å lytte og toler å høyre. Våre tilbud er gratis, vi har ikkje venteliste og har teieplikt. Om du er sjuk og ikkje kjem deg ut av huset, kan du be om besøk både med og utan tilbod om nattverd.



Foto: Den norske kyrkja

Særskild oppfølging ved sorg

Kyrkja har lang tradisjon og erfaring med å møte menneske i sorg. Det gjeld både om du har mista nokon du er glad i, eller om du lever med ei livssorg. 24. oktober arrangerer vi sorgkurs i Foldnes med temaet «Når sorga vert ein del av livet». Dei som har mista nokon siste året, vil få ein særskild invitasjon til dette saman med invitasjonen til å kome til kyrkje på allehelgensdagen den 3. november.

Kyrkja og kommunen samarbeider òg om sorggrupper for vaksne og «Møteplassen - ung i sorg.» Sorggruppene startar i november og møtest på Biblioteket. «Møteplassen - ung i sorg» startar i oktober og er på kyrkjekontoret på Straume i 2. etasje i Temahuset. Gruppene er livssynsopne.

Livets lys

Ein gong i månaden samlast vi i Foldnes kyrkje. Ei samling med mykje song der alle som vil, kan bidra og der nokon deler forteljingar frå Bibelen. Etterpå er det felles kveldsmåltid.

Advent og jul

I desember er det adventsfest for alle i Blomvåg.

Julaftan 2023 arrangerte vi ilag med andre aktørar «Jul for alle». Dette vart ein fin og god julefeiring der vi saman skapte julestemning med god mat og fellesskap. Vi vil gjerne gjere dette i år òg, så om du har lyst til å vere med, meld frå til kyrkjekontoret.

Kvart år er det juletreffest for alle i kyrkjene våre. Her er det juleregang, god musikk, gode kaker, andakt og underhaldning.

God nok

Samskappingsprosjektet mellom Landro kyrkje og Landro skule held fram takka vere økonomisk støtte frå Øygarden kommune. Vi satsar på å utvikle arbeidet vidare til andre skular på sikt. Tilbodet er eit livssynsopne førebyggjande psykisk helsearbeid for 7. klassingar. Målet er å styrkja barna med tanke på overgangen til å bli ungdom.



Ta kontakt med kyrkjekontoret om du vil delta, har behov for samtalepartner eller besøk. Kom som du er med den trua du har. Det er du som menneske som er viktig. Kontaktinformasjon finn du på side 2.



18.-20. OKTOBER
RONG KULTURHUS

Øygardssong

2024

Saman syng vi kjente songar
frå kyrkje og bedehus!



Morten Samuelson



Katrine Skjold



Kor Harmoni



Program og billetter:
WWW.OYGARDSSONG.NO

I samarbeid med INRI, Vik bedehus og Den norske kyrkja i Øygarden

Jubileumskonsert med Sund Blandakor



Tekst og foto: Olai Otterå

Sund Blandakor kan i år feira 50 år og markerte dette med ein konsert i Sund kyrkje i juni. På programmet stod mange av dei songane koret har hatt på repertoaret i desse åra. Dei starta konserten med 'Kjærlighet fra Gud' som var den første songen dei opptredde med i 1974, den gong under namnet Ytre Sund Blandakor.

Men mykje av repertoaret til Sund Blandakor er ikkje religiøse songar, men songar av ulike kategoriar. Såleis fekk vi i denne konserten høyra songar som 'Sjösalavals', 'Pål sine høner' og 'Har du fyr', den siste ein song av Ola Bremnes, og 'Våre kjære strender' med tekst av Reidar Steinsland.

Koret har også vore innom meir klassiske tonar, noko vi òg fekk døme på. Og Johannes Kleppevik har dei også hatt med seg, og på ei av platene hans bidrog koret i si tid på songen 'Det vårast i Noreg'. I konserten fekk vi elles høyra eit par av songane til Johannes Kleppevik, 'Eg har ein engel' og 'Seglar ei skute'. På fleire av songane i denne konserten hadde dei med seg Tomine Mikkelsen Eide som framifrå solist.

Mykje variert og fin musikk kunne Sund Blandakor varta opp med i denne jubileumskonserten i ei fullsett Sund kyrkje. Men det var òg tid for helsingar, m.a. frå ordførar Tom Georg Indrevik. Eit medlem som har vore med heilt frå starten og framleis er med, Minda Olsen frå Telavåg, fekk medalje for sitt medlemskap i 50 år.

Etter sommarferien

Ein sommar går mot slutten, skulen har byrja og i kyrkja tek aktivitetar og tilstellingar til igjen.



Tekst: Alvhild Vassel Eide
Foto: Dag-Olav Bjørøy

Søndag 18. august kunne vi i Landro gleda oss over ei nærast fullsett kyrkje. Fire guteborn vart borne til dåpen, og dei kom ikkje åleine! Lars Hana var prestevikar og leia forsamlinga trygt gjennom ei gudsteneste med mange ulike ingrediensar. Eline Olsen på piano og orgel hadde med seg gode forsongar i Magnus Mjelde Kluck, Øyvind Heggholmen og Esther Einarsen. Dei lyfte salmesongen og gjorde sitt til at det vart ei festgudsteneste. Til postludium song Esther Einarsen «Be ok» av Lauren Gaigle akkompagnert av Eline Olsen. Dei fortente applausen dei fekk!

På gudstenesta 1. september vert den nye soknepresten Morten Torsvik innsett og vi får møta den nye diakonen, Synnøve Engelsen Eide. Vi ser med glede fram til hausten i Landro kyrkje! Alle er velkomne!

Slektsgransking og tippoldemødre

Maria Tveten
Sokneprest i Foldnes



For fire år sidan gjorde eg ei oppdaging. Eg oppdaga at mi tippoldemor kom frå Møvik! Eg visste at farfar var frå Nautnes, men eg hadde gløymt at oldemor var fødd på Glesnes. Hennar mor heitte Gjertrud Martinusdotter, og ho vaks opp på Møvik. Ho vart fødd 9. januar i 1873 og vart truleg døypt i den gamle kyrkja, men ho vart konfirmert i Fjell kyrkje.

Vi ber alle ei historie, men eg ante ikkje at Fjell kyrkje skulle dukke opp i mi slektshistorie. Eg traff aldri mi tippoldemor, men når eg no er i Fjell kyrkje, er eg i det same kyrkjerommet, eg ser på det same altarbilete og den same preikestolen som mi tippoldemor såg på. Eg har jamvel stått på preikestolen og preika! Kva hadde ho tenkt om det? Hadde ho rista på hovudet? Hadde ho vore stolt?

Eg er i alle fall stolt. Stolt av at Fjell kyrkje er ein del av mi slektshistorie. Stolt over at eg og har slekt herifrå.

I salme 90 kan vi lesa:

*Herre, du har vore ein bustad for oss
i slekt etter slekt.
Før fjella vart fødde,
før jorda og verda vart til,
frå æve til æve er du, Gud.*

Mi historie går lengre tilbake enn til 1873 då tippoldemor vart fødd. Tar eg ikkje feil, heitte far hennar Martinius og døydde på fattighuset på Lokøy. Men historia eg er ein del av, er mykje, mykje større enn berre slekta mi. Eg, og du, er ein del av historia som Gud skaper. Den historia har alltid vore, den er og den kjem. Frå æve og til æve. Mitt liv er ein del av Gud si skaping, og det eg er med på, er ein del av Guds historie.

No har Fjell kyrkje jubileum, og dei seier at med dei nye berebjelkane kan ho stå i endå 150 år. Guds historie held fram og forteljinga om Jesus, vår frelsar, har ikkje stilna på meir enn 2000 år. Kan hende eg ei gong får eit tippoldeborn som ser på altarbilete av Jesus i Fjell kyrkje medan han eller ho kneler ved altarringen og tek imot nattverden. Eit tippoldeborn som er ein del av mi historie, men endå viktigare: ein del av Guds historie.

Fjell kyrkje 150 år

1874-2024

“

Presten må passe på kyrkja og spele piano. Kyrkja er veldig stor og ho har eit mjukt golv. Alle kan komme til kyrkja.



“

Kyrkja ser ut som eit slott. Prinsesser kan bu der.



“

Vi kan tenne lys for nokon ein er glad i og Jesus.



“

Når vi døyper oss har vi lang kvit kjole på oss. Ein kan gå i bursdagskjole i kyrkja.




“

Eg har døypt meg i den kyrkja.



“

Vi liker presten, Renate og Solveig dei som jobbar der.





Dei mystiske tala – 1000, 750 og 150

I logoen til jubileet for Fjell kyrkje er det tre tal: 1000, 750 og 150. Kva betyr desse «mystiske» eller gåtefulle tala? Kort sagt: Dei viser at vi i år feirar eit tre-dobbelt jubileum, og dei tre jubilea har samanheng med kvarandre.

Tekst: Knut Kaldestad

1000 - Kristenretten

Kva skjedde for 1000 år sidan? Kong Olav Haraldson og biskop Grimkjell gjekk i land på Moster. Dei las opp og fekk vedteke det vi kallar Kristenretten. Det var ei kristent prega lovgjeving som fekk stor og varig verknad på det norske samfunnet. Forfedrene våre kalla det «sedskifte», ei endring av levemåte og livsførsel. Det mest radikale med kristenretten er synet på likskap mellom alle menneske. Før vart rike høvdingar gravlagt i ein stor og staseleg haug, medan slavar vart kasta i eit myrhol. No skulle

alle gravleggast på den same kyrkjegarden. Alle born skulle døypast, med det same ritualet. Sidan alle er skapte i Guds bilde og Gud ikkje gjer forskjell på folk, skal ikkje vi heller gjere forskjell på folk.

Vi kan spørje: Kvifor har Norge blitt det landet vi har blitt? Kvifor gjekk vi frå å vere eit folk som herja, plyndra og blota menneske til å verte ein rettsnasjon som forbaud drap på småborn, som tok vare på dei fattige og sette ein stoppar på blodhevnen mellom

ættene? I år er det 1000 år sidan landet vårt fekk sine første kristent prega lover. I starten på Gulatingslova står det: «Dette er det fyrste i lovene våre at me skal bøya oss mot aust og be til den heilage Krist om godt år og fred – og om at me må halda landet bygd og ha landsdrotten vår lukkeleg. Han vere vår ven og me hans – og Gud ven til oss alle.» Kristendomen vert sivilisasjonens fundament. - Du kan lese meir om dette i Ole Petter Erlandsen: «Anno 1024. Året som forvandlet Norge.»

750 – Landslova

For 750 år sidan, i 1274, fekk heile Norge ei ny og epoke-gjerande lov. Professor Jørn Øyrehagen Sunde, vår fremste rettshistorikar, har skrivne boka «Kongen, lova og landet». Der kan du lese om kongen som vart kalla Magnus Lagabøte, han som forbetra lovene. Den førte til at vi fekk ei felles lov for heile riket. Det var den tredje riksdekkande lovboka i Europa, og den einaste som faktisk fungerete.

Fransiskanarane / ML ville vise omsyn til fattige og styrking av kvinner. Landslova la grunnlaget for eit system med fattigomsorg eller «legd», som varte inn i 1900-talet. Dette får sterke

uttrykk i Magnus Lagabøte si lov. Norge går frå ættesamfunn, der ætta skulle hemne urett, til ein tydeleg rettsstat. Tidlegare kunne dei mektige diktere kva som var rett. No stod Retten med stor R, over alle, også dei med makt. «Nobody is above the Law», for å seie det slik. Og kongen er Guds “ombodsmann”, som skal tale folket si sak – ikkje mist dei sårbare i samfunnet.

Eit særtrekk ved landslova i Norge er det som er blitt kalla «Guds fire døtre». Dette uttrykket har bakgrunn i eit vers i Salmane i Bibelen: «Miskunn og sanning skal møta kvarandre, rettferd og fred skal kyssa kvarandre.» (Sal 84,11).

Jødiske og kristne teologar og rettlærde tok dette opp og kalla desse fire – miskunn, sanning, rettferd og fred – for Guds døtre. Det vil seie påminningar frå Skaparen om korleis lova skulle brukast til beste for folket: Miskunn skal passe på så ikkje vondskap eller hat kjem i domen. Sanninga må verte høyrte så ikkje løgn skal få avgjere om nokon blir dømt. Rettferda skal sjå til at urett ikkje gjer skade på domen. Og fred skal sjå til at ikkje for harde domar blir felte, men fører til forsoning, ny start og fred mellom menneske. Landslova gjaldt som lov i Norge i 400 år – og var noko av det som gav nordmenn ein eigen identitet.



Om ein vil lese meir om desse temaa anbefaler vi bøkene «Kongen, lova og landet» av Øyrehagen Sunde, og «Anno 1024. Året som forvandlet Norge.» av Petter Erlandsen.

150 – Fjell kyrkje

Kva betyr det at Fjell kyrkje har stått der i 150 år, frå 1874? Ho er det eldste «symbol-bygget» i kommunen som framleis er i bruk. Her har foreldre kome med barna sine til dåpen og med dei døde til gravferd, slik dei eldste kristne levereglane sa. Her har born og ungdom fått opplæring, Her har par som har blitt glade i kvarandre, sagt «ja»! Folket har fått høyre bodskapen om at Gud er god, og at dette har Jesus vist oss så tydeleg som det går an. Slik er det ein nær samnheng mellom det at Fjell kyrkje vart

reist og det som skjedde for 1000 og 750 år sidan: Livet er heilagt. Dei grunnleggande verdiane frå «vår kristne og humanistiske arv», slik det heiter i Grunnlova, har djupe kristne røter. Vi set menneskeverd, fridom, likeverd, miskunn og rettferd høgt. Men det ikkje sjølvstakt at det vert slik vidare. Vi kan miste kontakten kjelda til verdigrunnlaget vårt. Kva skjer om vi kuttar av røtene som tru og håp, kjærleik og miskunn veks ut av? Hugs: Når vi feirar eit trippel-jubileum, kan vi også vere med å forme framtida.



Vonar på ekstra giv etter nyopninga av kyrkja!

-Det er viktig å feira. Jubileum er viktig!

Foto: privat

Tekst: Egil Morland

Det er soknerådsleiar i Fjell, Egil Nødtvedt, som seier dette, og han seier det med overbevisning!

–Når vi feirar noko, er det som å gå opp på ei høgde i terrenget. Det gir oss høve til å reflektera over det som var og tenkja på det som kjem, og spørja: Kor går vegen vidare?

Det er ein entusiastisk soknerådsleiar vi møter. Dialekten avslører at han ikkje er innfødd fjellsokning. Men elles avslører den ikkje mykje. For Egil er alle stader frå: Trøndelag, Oslo, Svalbard og Østfold.

Så var då faren også prest.

Og kanskje er det Svalbard-tida, 10 år i alt, som har gjort

den pensjonerte rektoren til ein friluftsentusiast? Det er ikkje få gonger han har gått med klassane sine i friluftsvalfag frå Ågotnes over Morland til Fjell festning.

–Kvifor tok du på deg ansvaret som soknerådsleiar nett i jubileumsår et?

–Det var min tur, svarar han enkelt. Og slik er han: inga oppgåve for lita, inga utfordring for stor. Egil er ikkje berre «godhetsgeneral» i kyrkja kvar vår. Han tek like gjerne oppvask og ryddesjau etter gudstenesta.

Men kva tenkjer han om det som skjer etter jubileet og etter mange dagars feiring, som programmet legg opp til? Er han optimist med tanke på framtida og livet i kyrkja?

–Ja, det er eg. Ubetinga! Eg vil bruka Jesu likning om sennepsfrøet på det eg også finn mellom folk her ute. Frøet er sådd i dei. Det kan nok vera lite, men det kan bli til noko stort! Difor vonar eg også på ein ny giv i arbeidet framover.

Det er tydeleg at Egil brenn etter å «nå ut». Det kjæraste ordet i Det nye testamentet han veit om, er Jesu ord til røvaren på krossen: –I dag skal du få vera med meg i paradiset!

–Så låg er terskelen inn i Guds rike! Vi er ikkje kristne fordi vi har fortent det. Tvert om. Som røvaren har vi ikkje fortent det. Det er nåde!

Helsing frå biskopen



Eg var så heldig å få omvisning på snekkarverkstaden i Bergen der dei tek i mot inventar frå kyrkjene i området for å restaurere og reparere. Sjølv om mykje av det dei får inn til reparasjon er både gammalt og slitt, lukta det godt av nytt treverk, slik det gjer når lag av måling og

slitasje blir slipt ned. Attmed ein vegg, fortalde snekkarane, stod nokre av vindauga frå Fjell kyrkje. No var dei snart klare til å setjast attende inn i den nyrestaurerte kyrkja. Med varsam hand er dei vølt og gjort i stand til det formålet dei har i det vakre kyrkjebygget: Å sleppe lyset inn.

Å gjere slik at vi kan sjå kvarandre med eit godt blikk. Å la oss få kjenne varmen frå sola, og gje ly for vind og ver. De kan glede dykk til å sjå dei attende på plass!

Og slik er det vi også får samlast i Guds hus: Vi skal sleppe lyset inn i hjartene våre. Vi får ta i mot den gode budskapet i Evangeliet gjennom forkynning og dei heilage gåvene. Og vi skal få gå ut att i kvardag og arbeid med vissa om at lyset frå Jesu Kristi oppstode skin over livet vårt.

For at vindauga skal tole enda nye 150 år i kyrkja de no feirer jubulum for, må karmene rundt vere solide nok til å tole det som kjem av vår og vind. Etter hauststormar kan det vel vere at det trengs ein vask. Eit klart glas trekker auga vårt til seg og gjev lys til både auge og hjarte.

I Sakarjas lovsong, i første kapittel i Lukasevangeliet, står det:

"Slik skal lyset frå det høge gjesta oss som ein soloppgang og skina for dei som bur i mørker og dødens skugge, og styra våre føter inn på fredens veg."

Mitt ynskje for jubileet, og mi bøn for kyrkjelyden i Fjell, er at Lyset må ha gode kår mellom dykk. Hjarteleg til lukke med det nyrestaurerte kyrkjerommet, og med jubileumsfeiringa i september!

Biskop Ragnhild Jepsen

Gratulerer, heile Fjell!



"Kyrkja ho er eit gammalt hus, stend om enn tårna mun falla", står det i den gamle salmen. Reint byggteknisk er det eit utsegn med store atterhald! Tida, samen med ver og vind slit på alle hus. "Det skapte vart lagt under forgjengelegdom", skriv Paulus, og har rett: Den

store investeringa frå kommunen som var naudsynt for å setje kyrkjebygget i stand, vitnar om det. Like eins gjer jubileet sjølv det. Vi feirar 150 år, og gler oss over den eldste kyrkja i kommunen. Men det har jo stått andre kyrkjer på staden før! At ein del av gravplassen er freda som mellomalderkyrkjegard, vitnar om det. På same vis gjer markeringa av 1000 år for kristenrett, og 750 år for kristen landslov – som også Fjell sjølv sagt har vore ein del av.

No står kyrkja der, nyvølt og vakker både utanpå og inni. Viktigare er likevel alt det vi ikkje kan sjå; fundament som er sikra, tak som er trygga, ei kyrkje som i mange år kan gje god ramme rundt høgtid og kvardag. Her kan feirast livshendingar, gudstenester og kulturarrangement, og ikkje minst personleg trusliv. Vindauga, reinsa og sett i stand, slepp heile skaparverket inn og inviterer til levande gudstenester som opnar for ein himmel over livet.

Så takkar vi Fjell kommunestyre som har løyvd midlar. Vi takkar Akasia for sjølv arbeidet. Vi takkar kommunen sin administrasjon, fellesråd og sokneråd og alle som har vore med på å fornye kyrkja inn mot jubileet. Ikkje minst takkar vi Sparebanken Vest som har støtta sjølv 150-årsjubileet med ei monaleg gåve. Takk til alle andre som også har bidratt med støtte til jubileet.

Men framfor alt takkar vi den levande Gud som brukar dette huset til å møte oss gjennom Ordet og sakramenta, og ikkje minst i Herrens mange ulike barn som ferdast der både i kvardag og helg.

Med Kristus mellom oss i kyrkjelyden, då kan kyrkja bli så gamal ho vil. For ho vil stå om enn tårna mun falla.

Sokneprest Per Hjemdal

Kirkja under Fjalle

No er kyrkja under fjellet (fjedle) 150 år. Det er ikkje einestående. Tvert om. I Noreg er det mange stader kyrkjer frå tidsrommet mellom 1850 og 1900 som dominerer. Det har sine grunnar.

Tekst: Egil Morland

Foto: Knud Knudsen (frå ca. 1875 - fotoeigar: Universitetsbiblioteket i Bergen)

Ny lov – ny kyrkje

Til vanleg er ikkje nye lover så velkomne. Men kyrkjelova frå 1851 var både kjærkomen og velkomen: Den kravde at kvart kyrkjebygg skulle romma minst 30 % av innbyggjarane i soknet. Dei om lag 625 kyrkjene frå andre halvdel av 1800-tallet er derfor relativt store.

Det er altså ikkje noko ekstraordinært eller spesielt som framhevar nett denne kyrkja, som vart innvigd i 1874 – sjølv om ho er oss kjær. Men kyrkja vitnar også om farne tider.

Kravet om storleik fekk to konsekvensar: Nye kvitmåla kyrkjer vart for det første bygde i ein fart. Verre var det at dei gamle kyrkjene vart rivne, ofte ukritisk. Det gjekk særleg ut over stav-

kyrkjene. Til all lukke vart 28 av dei berga for ettertida.

Men mange kyrkjer var det god grunn til å riva. Om Fjell kyrkje heitte det i kallsboka i 1844 at ho var «en meget simpel, unnselig trebygning [med] ingen som helst prydelser, ikke en gang en lysekroner» eller klede på preikestolen, og dessutan umåla. Ho var i privat eige og i elendig forfatning. Kommunen sitt kjøp av den gamle kyrkja i 1869 og riving (i 1875), var starten på prosessen fram mot ny kyrkje. Tre år seinare, 14. okt. 1871, vart det ved kongeleg resolusjon gjeve løyve til å byggja ny kyrkje med 700 sitjeplassar.

Året etter vart teikninga til arkitekt Conrad Fredrik von der Lippe først godkjende av Fjell

kommune, og seinare same året av Kyrkjedepartementet.

Då kristendomen kom til Noreg

Det pirrar tanken på kva vi ikkje veit om Fjell som kyrkjestad, og kor langt attende vi med visse kunne ha gått, dersom vi i det minste hadde hatt ei teikning av gamlekyrkja eller skisser av endå eldre kyrkjebygg.

Forskarar meiner det er gode indikasjonar på at det har vore ein gudsstad i Fjell heilt attende til tidleg kristen tid, som vi jo nett dette året feirar med kristenretten på Moster i 1024. Det er sikre kjelder på at det var kyrkje her på 1300-talet.

Men då går jo tankane endå vidare, til førkristen tid, med sine

kultstader (hov) og hovdingsete. Det var ikkje uvanleg at kyrkja tok over slike sentrale stader, nett for å markera det nye som no kom. Ferdsleveggar møttest på Fjell, også sjøvegen heilt inn i Fjells-pollen, sjølv om plasseringa, så ulikt dei fleste andre kyrkjer på Vestlandet, som svært ofte ligg ved enden av ein fjord, kan tyda på noko anna.

Nye-kyrkja – i 1874 og 2024

Det var eit krafttak kommunen og folket gjorde då kyrkja blei bygd. Kostnaden svara til tjue kommunebudsjett på den tida. Men då bygget stod ferdig «erklærte» biskop Peder Hersleb Graah Birkeland 28. august 1874 at kyrkja «er en av de skjønneste landskirker i Riget.»

Det trur vi han på. Biletet frå 1875 viser oss eit høgrest, stilreint og harmonisk utforma kyrkjebygg. Det vitnar om kva kyrkja eigentleg er til for: Tilbeding og høgtid.

Difor skal det ofte ikkje så mykje til for å øydeleggja dette inntrykket. Det er ikkje til å undrast over at tilbygget til kyrkja i 1971-72 først vart til etter mykje diskusjon og dragkamp. I dag vil vel dei



fleste seia at tilbygget kler kyrkja. Endå meir kan dei mange som har vore samla til gudsteneste, konfirmantundervisning og ei lang rekke med tilskipingar det siste året, seia at kyrkjelydssalen berga oss gjennom ei vanskeleg tid! Slik står denne salen også som ein viktig kontinuitetsberar når vi no igjen kan flytta inn i den «nye gamle-kyrkja».

Også på andre måtar har ein opp gjennom åra funne plass til kunst og utsmykking som ikkje skjemmer kyrkjebygget. Noko av det er langt eldre enn sjølve kyrkja. Det gjeld Olavsfiguren i eik, som truleg er laga i Lübeck i 1490 – altså femti år før reformasjonen. Originalen er i samlinga i Historisk museum i Bergen. Til «erstatning»

vart det til 100-års jubileet i 1974 laga ein tru kopi, som no er i kyrkja.

Om mogleg endå meir verdfull er den gamle altartavla, som i midten viser den siste nattverden, og på sidepanela er Sta. Sunniva og St. Olav måla. Tavla har ei forunderleg historie. Ho forsvann då nye-kyrkja vart bygd, men vart funnen att av dr. A. Gjelstein (i eit naust på Liaskjæret!) i 1963, og seinare restaurert. Om dette vil det bli skrive meir i nær framtid.

Til slutt må orgelet nemnast. Det er eit Verschueren III-orgel med 25 stemmer, som kom på plass i 1996. Det gjer ikkje skam på kyrkjebygget, og har gjort sitt til at dugande kantorar har halde konsertar i Fjell kyrkje.

Sluttord

150 år er ikkje lang tid. Men åra rommar ufatteleg mykje, tilsynelatande mest av endring; i folk og folketal, i vanar, sed og skikk.

Men ved eit jubileum er det kontinuiteten som ropar til oss: Guds ord kom også til Noregs fjell, konkret: til Fjell. Ho vil framleis forkynna Kristus mellom oss, og halde oss fast i trua på han.

Kunstkyrkja

Noko av det spanande med kunsten i Fjell kyrkje, er at han er frå mange ulike epokar.

Fleire av kunstverka er mykje eldre enn den kyrkja som står der no. Til dømes er det gamle altarskåpet frå den eldste av Fjell-kyrkjene; Ei stavkyrkje som vart bygd i middelalderen, og som vart riven ein gong på 16- eller 1700-taket. Slik fortel dei ulike kunstverka ulike historier frå ulike vinklar, ikkje berre om Jesus og dei andre vi blir kjende med i Bibelen, men også om Kyrkja sjølv og korleis ho vaks fram.

Tekst: Elisabeth Møll Jung
Foto: Yngvild Mørner Sørheim

Det gamle altarskåpet

Dette skåpet hang i den fyrste kyrkja vi kjenner til i Fjell. Ein trur det vart laga i Lübeck i Tyskland på slutten av 1400-talet. På dei oppslåtte dørene ser vi Sankta Sunniva og Olav den heilage. Inni skåpet ser vi eit nattverdsbilete (måla av O. Berenthardus) som vart sett inn i skåpet så seint som i 1843. Skåpet hadde fått sær hard medfart i samband med reformasjonen og forsvann heilt frå kyrkja i 1874, før det omsider hamna i eit naust på Liaskjæret. Det vart funne att av dokter Arnljot Gjelstein i 1963, og restaurert i 1968-1970. Mellom anna måtte ein fjerne fire lag med måling før det originale måleriet kom fram.



Olavsstatuen (kopi)

Originalen (truleg laga kring år 1490 i Lübeck) står no i Historisk Museum i Bergen. Kopien vart skoren ut til 100-årsjubileet i 1974, av Oddvin E. Parr.

Olav (med krone) trakk på eit dyr med menneskehovud og krone, og med same andlet som kongen. Vanleg tolkning av skulpturen er at «Dyret» representerer Olav sjølv: Det vonde sjølvvet som han seier nei til, eller helgenkongen som vinn over vikingkongen.



Altertavla/glasmåleriet

Jesus på krossen


Glasmåleriet vart innkjøpt då kyrkja vart bygd i 1874. Ein trur at glasmåleria er laga i Northumberland i England, men etter teikningar av tyske Dr. H. Oidtmann.

Nedanfor krossen ser vi apostelen Johannes (i raud kappe) og Maria, Jesu mor (i blå kappe).

Måleri på korbogen

“Når eg vert opphøgd,
skal eg draga alle til meg”.

Måleriet vart tanga i samband med at koropninga vart ombygd i 1961, og stod ferdig til høgmessa fyrste juledag 1962. Kunstnar: Bjørn Tvedt. Motivet er Jesus som lyfter alle til seg i sitt rike. Øvst oppe i midten ser vi Jesus Kristus, omgitt av strålende lys. Frå sidefelta stig menneska tilbedande opp mot lyset – opp mot Frelsaren.



I dåpssakristiet

Jesus velsigner dei små borna.

Etter oppdrag frå soknerådet laga målaren Lars Georg Lie frå Kolltveit eit vakkert bilete til fondveggen i dåpssakristiet. Det vart sett opp i 1972, då kyrkjelydshuset vart vigsla. Motivet er henta frå Markus 10:

«Lat småborna koma til meg og hindra dei ikkje! For Guds rike høyrer slike til. (...) Så tok han dei inn til seg, la hendene på dei og velsigna dei.»



Kyrkja og krigen – i døden for evangeliet

**Fjell kyrkje og
prestegjeld har
ei unik søge som
ikkje må gløymast.**

Tekst: Egil Morland

Foto: Utlånt av familien Boge

Fjell kyrkje og prestegjeld har ei unik søge. Okkupasjonen førte krigen tett på bygda. Bygginga av festningen, med kanoner frå slagkryssaren Gneisenau, gjorde at dette blei det best beskytta tyske fortet under krigen. På det meste arbeidde 1000 russiske krigsfangar på festningsanlegget.

Til dette hørde ei utruleg vanhelging av kyrkja. Ho vart teken i bruk til ymse verkstader, sovesal og lagerrom, og tilsvina på ein måte ingen hadde sett i moderne tid. Utvendig vart ho måla med ein skitengul kamuflasjefarge.

Prestegarden vart også teken i bruk som lasarett (sjukestove). Prestefamilien måtte på få timars varsel ut midtvinters i 1942, og den store familien (med fem mindreårige born) tok inn på «hybel» på Kolltveit.

Sokneprest Ingolf A. Boge vart arrestert 1. september

1943, og etter opphald i fangeleiren Grini vart han sendt til konsentrasjonsleir i Tyskland. Der døydde han 1. april 1944.

Så langt om den ytre dramatikken.

Kyrkjekampen og Kirkens Grunn

Kyrkjekampen var ein ideologisk strid. Fordi kyrkja frå 1941 var den einaste intakte talarstolen i sivilsamfunnet, var det primært gjennom forkynninga at folket dei fleste stader blei gjort immune mot nazismen. Dei omfattande kunngjeringane frå talarstolen etter preika gjorde også sitt til at folk dei fleste stader i landet fekk same informasjon.

Til all lukke gjekk kyrkja ikkje til kamp for eigne rettar og posisjonar. Det var kamp mot urett og protest mot hirda si valdsframferd biskopane

protesterte mot i eit berømt hyrdebrev frå januar 1941.

Kampen kvessa seg til då Quisling blei utnemnd til Ministerpresident 1. februar 1942. Han brukte store deler av talen på Akershus festning til å sjikanera kyrkja, og særleg biskop Berggrav. Då Quisling dei neste dagane lanserte to lover (om Norsk Lærarsamband og om oppseding i NS-ideologi for alle born og unge), protesterte kyrkja. Dåpen, statskyrkja og foreldreansvaret gjorde det heilt umogleg å overlata borna til framande ideologiar.

Det som vidare hende gjorde at biskopane alt 24. februar la ned dei statlege embeta sine, og dette vart følgd opp av meir enn 92 % av prestane påskedag 5. mars.

Det var vedkjenninga Kirkens Grunn (KG) som forklarte kvifor dette måtte skje. I det mest kjende sitatet frå KG heiter det

at «der makta skil lag med retten, der blir staten ei demonisk makt». Med dette sa kyrkja forvel til den tradisjonelt servile haldninga til staten.

Boge las opp KG i Landro påskedag 1942 og i Fjell søndagen etter. Soknerådet slutta seg også til innhaldet. Fordi Quisling truga prestane med fengsel og dødsstraff, rekna Boge med at han straks ville bli kasta ut av prestegarden. Men han fekk arbeida vidare endå 1 ½ år før det hende.

Var sokneprest Boge ein martyr?

Vi går attende til det som hende med soknepresten. Han var sjuk allereie ved avreisa til Tyskland og døydde under ein fangetransport til Sachsenhausen, i Alexanderplatz-fengslet i Berlin.

Fleire av medfangane skreiv seinare om Boge og om samtaler og andakter han heldt for dei. Like før han døydde bad han at dei måtte trøysta dei heime at han ikkje var redd for å dø, for «han trodde på sin Frelser, og bad oss si at han ikke bar agg til noen, men tilgav alle så som han selv trodde at alt var tilgitt ham....Han var en av de mange som gav det største, som gav sitt liv for sitt fedrelands frihet», skriv ein av dei til enkja Edith.

Omlag 25 % av presteskapet vart under andre verdskrigen på ulike vis trakasserte, internerte eller arresterte. Boge er den einaste som døydde i fangenskap.

I kyrkesoga har vi kalla dei som vart forfølgde like til døden for blodvitne. Ordet kjem frå gresk, blod = martyr, og dei som døydde vart kalla martyrar. Det høyrest kanskje uvant å bruka eit slikt ord i «vår» historie. Men kvifor det? Den

som gir alt, like til livet, og likevel held fast på vitnemålet og trua, er ein martyr.

Om Boge skreiv biskop Fleischer etter krigen: *-Han var ein fin, harmonisk og god prest. Hans nasjonale stoda var klår og greid, men ikkje aggressiv.*

Thorbjörg Gjeitanger Møvik – tidsvitne:



-Vi skulle læra å bli takksame!

Thorbjörg Gjeitanger Møvik blei fødd i 1928 og er, som namnet viser, frå Geitanger. Men mora var frå Fjell, og der var Thorbjörg mykje i oppveksten. Mormora var Kristiana Nilsdotter Fjeld. Morfaren Thomas Elias Persson var klokkar, og Thorbjörg fortel om samtaler han hadde med presten Boge. Ho var sjølv der – og i kyrkja – i dei dramatiske dagane då presten las opp Kirkens Grunn i påsken 1942. Ho var i Fjell også 1. desember 1942, då kyrkje og prestegard vart konfiskert, og ei rekkje våningshus blei rekvirerte for tyske soldatar.

Dessutan gjekk Thorbjörg for presten den dramatiske våren 1942. –Presten tok oss med

sør for kyrkja då Telavåg vart brend, og vi såg røykskyene mot himmelen. Han forklarte oss om vondskapen, seier Thorbjörg stille.

Ei anna hending av nærast episk karakter fann stad nettopp desember 1942. Det hadde seg slik at NS-lensmann Per Lie kom og kommanderte dei ut av huset på Fjell. Bestemora var distriktsjordmor. Ho hadde ikkje berre teke mot Per Lie då han blei fødd. Ho hadde også bore han til dåpen og endå til gitt han ein bibel med gullskrift til konfirmasjonen. Då er det at følgjande dialog finn stad:

Per Lie: –De skal ut!
Bestemora spør:
–Har du Bibelen framleis?
–Ja.
–Så finn han fram og les i han!

Men ut måtte dei, til liks med mange andre på Fjedle. Tyskarane og medløparane deira tok først onkelen sin bil, deretter huset (frigjeve i januar 1944) og til sist hesten. –Kva meir kunne dei ta? spør Thorbjörg retorisk.

Det var tantene hennar som redda duk og nattverdkalkar då tyskarane tok kyrkja.

Etter krigen vart den då knapt 20 år gamle Thorbjörg assistent for lensmann Eikeland, som kom frå tysk fangenskap. Slik er ho eit tidsvitne også om det oppgjeret som fann stad etter krigen.

–Du er no 96 år. Har du hatt eit godt liv?

–Ja, det har eg. Men eg skulle så inderleg ønskja at folk kunne læra av, og ta vare på, historia. Slikt kunne det også blitt meir takksemnd av, seier Thorbjörg Gjeitanger Møvik til slutt i samtalen vår.



Jubileumsveke

Laurdag 21. september

Kl. 15: Familiedag med jubileumsaktivitetar: grilling, hesteriding og lykkehjul!

Søndag 22. september

Kl. 11: Familiegudsteneste - kyrjekaffi med opning av jubileumsutstilling

Kl. 19: Gospelsøndag - Allsongkveld med band og forsongarar

Tysdag 24. september

Kl. 11: Pilegrimsvandring ved Gerd Lie Nygaard frå Morland til Fjell kyrkje

Onsdag 25. september

Kl. 12: Jubileumstreff med song, andakt, middag og foredrag

Kl. 18.30: Kristenrett og landslov ved Egil Morland og Torgeir Landro

Torsdag 26. september

Kl. 19: Gospelmesse ved GospelCompagniet og dirigent Terje Kleppe

Fredag 27. september

Kl. 19: JubelTweens med besøk av illusjonisten Ruben Gazki

Laurdag 28. september

Kl. 16: Konsert med Renate Ekerhovd og Øygarden kulturskule

Søndag 29. september

Kl. 11: Jubileumsgudsteneste med kyrjekaffi - møt gjerne i bunad

Kl. 20: Babettes gjestebud - teaterframsyning ved Ragnhild Guldbrandsen

Tysdag 1. oktober

Kl. 15.30: Ungdomsarrangement på Bildøy Bibelskule

Laurdag 19. oktober

Kl. 16: Jubileumsbasar

Det er open kyrkje frå 23. september til 27. september kl. 11-18.

Søndag 22. sept. kl. 13-17, laurdag 28. sept. kl. 11-13 og

søndag 29. sept. kl. 14-17. Kom innom kyrkja og sjå på jubileumsutstillinga!



Takk til dei som har vore med og sponsa jubileet!



Kjelder jubileumsinnstikk:

Fjell kyrkje 1874-1974, *Kyrkja under okkupasjonen*, 35.

Svenn Martinsen, Eg ber ikkje agg til nokon. *Havstrilen* 2014, 98-119.

Egil Morland, *Motstand og forkynnelse*, Portal/Cappelen Akademisk, 2016.

Egil Morland, *Etiske krav til krig og krigføring – et bidrag til fred*, i: *Veien til fred*, Bodoni Forlag 2020, 103-122.

Lennart Fjell: *Fjell kyrkje 150 år, Havstrilen* 2023.

Fjell kyrkje 125 år. Jubileumsskrift 1999, Fjell sokneråd

Fjell kyrkje 1874-1974, Fjell sokneråd 1974.

Nettkjelder: Kirkesok (kirkesok.no), Fjell kirke – Norske kirker (norske-kirker.net)



LIVETS GANG

6. mai - 11. august

DØYPTE

Kausland kyrkje

Aud Vorland-Bru
Samuel Fure
Johannes Tveit

Sund kyrkje

Solveig Edvardsen Kilvik
Carmen Octivia Wiese Hjellestad

Tyssøy

Matheo Bergset-Cid

Fjell kyrkje

Mathias Kvammen Spjeld
Isak Fjæreide Johannessen
Luca Kleppe Olsen
Theodor Vik
Jakob Naustdal Lie
Gudrun Lothe Lindgren
Dennis Rostrup Tvedt
Collin Lillebø-Lerøen
Sivert Gjertsen Legland
Henrik Elton Kristoffersen
Elmer Thormodsen Sørensen
Elliot Nakken Helle
Storm Skar Dvergsdal

Foldnes kyrkje

Iver-Olai Hopland
Emma Øvrehus Bohnhorst
Edel Kristine Nese-Røsten
Maya Naderi Lie
Amalie Elisabeth Visnes Kvamme
Nikolai Algrøy
Endre Johannes Læg Reid Bendiksen
Athelie Bogsnes Sande
Luca Kleppe Olsen
Herman Tornøe Bakke
Selma Løvmo Lynghaug
Signi Elin Larsen Askeland
Johannes Møller Haugen
Noah Wichne-Eikevåg
Leah Landro Ekerhovd

Landro kyrkje

Eva Katharina Færevåg Misje

Blomvåg kyrkje

Leah Lovise Vilnes
Charlotte Juliet H. Contreras
Oliver Carlsen Stølsnes
Jenny Lysvold Solbakken
Iben Dale Løvfall

VIGDE

Kausland kyrkje

- Camilla Thode Øvretveit og Christer Hagenes Opdahl
- Ida Marie Billvik og Otto Andre Vilhelmsen
- Camilla Engevik og Per Kristian Opheim
- Line Banki Engevik og Øyvind Sivertsen

Fjell kyrkje

- Sara Algrøy og Christian Løkhammer

Foldnes kyrkje

- Sissel Juliana Linge og Stian Småberg Heltne
- Inger Marie Nygaard og Daniel Espelid Misund
- Turid Litlekalsøy og Helge Foldnes
- Sandy Wiese Egan og Kristian Ulveseth

Blomvåg kyrkje

- Kasandra Helgesen og Mats Haugstad Blomvågnes
- Karoline Langø Turøy og Fredrik Blom
- Caroline Blom Øksnes og Einar Wiig Stangeland
- Silvia Sæle Jørgensen og Tommy Andre Vik
- Maren Helmersen og Bjarte Ellingsen
- Malene Nerbøberg Kolflåth og Ole Martin Solsvik
- Emma Adele Solberg og Elias Solsvik
- Thale Gjengedal Aarseth og Adrian Pedersen Szakallos

Hjelme kyrkje

- Ingeborg Børve Skjold og Sigurd Flø Gustad
- Josefine Gjertine Bergstrøm og Isak Dyrkolbotn Bergstrøm

DØDE

Kausland kyrkje

Erling Malvin Trellevik f. 1946
Reidar Johannes Øvretveit f. 1934
Inga Judith Hagenes f. 1930
Gunnar Anfinn Øvretveit f. 1938
Elen Margrethe Høyland f. 1936

Sund kyrkje

Aslaug Sangolt f. 1928
Hildur Sangolt f. 1934

Foldnes kyrkje

Leif Dahl f. 1930
Else Pauline Jølner f. 1945
Francisca Aloysius f. 1944
Eva Marian Foldnes f. 1943
Svein Øyvind Mikkeltorg f. 1948
Ole Johan Bårdsen f. 1939
Knut Magne Tvedt f. 1940
Kirsti Samuelsson f. 1946
Helene Reidun L. Watnedal f. 1950
Harald Ø. Gammelsæther f. 1934
Egil Bjørge f. 1936
Anne Grethe Kolltveit f. 1962
Nils Grønolen f. 1933
Aslaug Telle f. 1932
Sven Ove Egeland f. 1946
Kitty Oddfrid Andersen f. 1930
Else Margrethe Tellnes f. 1953
Aslaug Norma Katla f. 1934
Hilma Nordvik f. 1924
Alf Harry Lokøy f. 1940
Oddny Jørgensen f. 1949
Mikkel Magne Kallestad f. 1944
Kåre Magnus Lidtun f. 1939
Bothilde M. Ekerhovd f. 1936
Svein-Olav Lavik f. 1945
Inger Marie Berntsen f. 1952
Grethe Berit Straume f. 1958

Landro kyrkje

Einar Kåre Landro f. 1931
Endre Landro f. 1926
Svein Torsvik f. 1946
Sigrid Karen Algrøy f. 1930
Arne Johan Landaas f. 1941
Elna Betty Olsen f. 1932

Blomvåg kyrkje

Tore Frits Sørenes f. 1958
Egil Haugetun f. 1955

Hjelme kyrkje

Alvhild Berit Hernar f. 1944
Jenny Marie Ingvaldsen f. 1927
Torill Sture Handeland f. 1949
Fjeldstad f. 1947
Jon Gerhard Fjeldstad f. 1947
Marta Målfrid Heggøy f. 1951
Paul Magnus Troland f. 1943
Kåre Malvin Lyngøy f. 1936



Livets lys-gudsteneste

Fredag 31. mai var det kveldsgudsteneste i Foldnes kyrkje med prestane Maria Tveten og Arve Hansen Haugland.

Tekst og foto: Ellen Ebbesvik og Renate Olsen Seim

Dette var ei nydeleg gudsteneste som var spesielt tilrettelagd for menneske med utviklingshemning i alle aldrar i heile kommunen. Ei open gudsteneste som er for oss alle saman. Fleire frå "Livets lys" deltok i gudstenesta som kyrkjevert, med tekstlesing, lystenning, musikk og kunnjingar.

Presten Arve talte om vatnet og dåpen. Kva vi kan gjere med vatn, og kva betydning dåpen har. Han skvetta vatn på kyrkjelyden som sat nær dåpfronten. Dette var ei overraskande og gøy oppleving som vekte ein del latter hos dei fleste av oss.

Ole Jørgen Bjørøy spelte synthesizer under kollekten med

songen «Eg vil ha ein blå ballong.» Då fekk me ei stor oppleving med at foreldre som deltok på gudstenesta, fann fram mange oppblåsne blå ballongar som vi sende til kvarandre. Ei nær og fin oppleving!

Etter gudstenesta samla vi oss i kyrkjelydssalen for å markere at no var det sommaravslutning med herleg pizza og is.

Kva er "Livets lys"?

"Livets lys" er ei samling på to timar der vi først samlast i kyrkjerommet der vi mest syng saman og for kvarandre. Alle kan gripe mikrofonen og syngje, spele eller dele noko med dei andre. Det er også nokon som deler tankar om Gud og forteljingar frå Bibelen.

Etter samlinga i kyrkjerommet har vi eit kveldsmåltid i lag i kyrkjelydssalen. Alle får med seg ein gevinst heim. Heile kvelden har vi det kjekt i lag og kan glede oss over alt vi kan og gjer saman for å heidre kvarandre og livet.

Dette er eit tilbod til alle utviklingshemma i alle aldrar i heile kommunen.

Til hausten samlast vi i Foldnes kyrkje kl. 18-20 desse datoane:

- 20. september
- 25. oktober
- 29. november

Pris er 100 kr per deltakar. Dette dekker eitt lodd og kveldsmat.

KVA SKJER?

Barn og unge i Hjelme og Blomvåg sokn

LEIRAR PÅ SKJERGARDS-HEIMEN

5. oktober: 1. klasseleir
6. oktober: 2. klasseleir
12.-13. oktober:
3. klasseleir
15.-17. november:
Konfirmantleir
6.-8. desember:
4. klasseleir

Påmelding:
kyrkja.no/
hjelmeogblomvag

REFUEL

6. september
20. september
4. oktober
18. oktober
1. november
15. november
29. november
13. desember
Rong senter
kl. 19.30–22.30

KRIK

13. september
27. september
11. oktober
25. oktober
8. november
22. november
6. desember
Hjeltefjorden
arena
kl. 19.30–21.30

GOSPEL-TEENS

20. august
3. september
17. september
1. oktober
Blomvåg kyrkje
kl. 18-20

SMÅBARNSSONG

10. september
24. september
22. oktober
5. november
19. november

Blomvåg kyrkje
kl. 17.30

TWEENSFEST

27. september i Blomvåg barnehage
for 5.-7. klasse kl. 18-20.30

Barne- og tweens-program i Sund kyrkjelyd

Stjerne- og Tweenskoret

Likar du å synge?
Vi har kor som øver i Sund kyrkje
ca. annankvar tysdag:

3. september, 17. september,
1. oktober, 15. oktober, 29. oktober,
12. november, 26. november
og 10. desember

Stjernekor er for deg som
er mellom 4-9 år.

Vi møtes kl. 17.30-18.10.

Tweenskoret er for deg som
går i 4. klasse og oppover.
Vi øver kl. 18.15-19.15.

Betweenklubb

kl. 17:30 til 19:30

Frå 3. klasse og oppover!
I kyrkjekjellaren, Sund kyrkje.
Vi leikar, ulike aktivitetar, lærer
frå bibelen, et kvelds saman.

24. september
22. oktober
19. november
17. desember

Myldredag

kl. 17-19

Middag, bibelforteljing,
aktivitetar og felleskap.
Ta med familien og kom, eller
kom åleine.

Kyrkjekjellaren i Sund Kyrkje

10. september
8. oktober
5. november
3. desember

Kyrkjelydshuset på Kausland

18. september
16. oktober
13. november
11. desember

Landro barne- tweens- og teenskor



Øver tysdagar i Landro kyrkje
Barnekoret kl. 17.30-18.25
Tweenskor kl. 18.30-19.25
Teenskor kl. 18.30-20.00

Barne- tweens og teenskoret deltek på familiegudstenester og konsertar i Landro kyrkje. Av og til syng vi også på andre plassar. Vi følgjer skuleruta.



BARNEKOR

Songglade barn frå 4 år er velkommen til ein time med song, andakt, hobby og leik



i Fjell kyrkje frå kl. 17.30 til 18.30
tysdagar i partalsveker

Kontaktperson
Eivind Kausland Lie tlf. 408 85 692

Barnekryssord



Vannrett

2. Indre organ
7. Hodeplagg
8. ... Gunnar Solskjær
9. Jentenavn
10. Evangelist
11. Selge billigere

Loddrett

1. Kartbok
2. Tomrom
3. Hovedperson
4. Jentenavn
5. Fotballspiller
6. To like
7. By i USA (forkort.)

Bli med i trekninga av hamburger med drikke og dessert for 4 personar på Burger King Sartor!

YOUR WAY™



Send inn kryssord til:
Øygarden kyrkjekontor
Tytebærbrekko 2
5353 Straume
Merk konvolutten:
Kryssord

Frist: 15. oktober

**Vinnar av Barnekryssord
i Himmel&hav nr. 2 – 2024:**
Natalie Ekerhovd Monsen
frå Bergen

Namn.....

Adresse.....

.....



T-dagen

Trusopplæringsdagen
i Fjell, Foldnes og Landro

T11



På sporet av Jesus

Fredag 13. september i Landro kyrkje

T8



Pilegrim

Laurdag 21. september til Fjell kyrkje

T10



HalloTweens

Fredag 25. oktober i Fjell kyrkje

T12



LysVaken

23.-24. november i Fjell kyrkje



Påmelding og meir info:
kyrkja.no/t-dagen

Ranselgudsteneste i Sund kyrkje



Søndag 18. august var det ei såkalla ranselgudsteneste i Sund kyrkje, ei gudsteneste særleg retta inn mot dei borna som begynner på skulen denne hausten.

Tekst og foto: Olai Otterå

Desse borna var inviterte til kyrkja, og nokre av dei dukka også opp i kyrkja, noko som var kjekt for kyrkjelydspedagog Katrin Fischer, for ho skulle ikkje berre dela ut ei bok til dei, men òg ha preika denne søndagen. Ho samla alle borna på golvet framme i kyrkja, både 1.klassingane og andre, for preika om Sakkeus var særleg retta inn mot borna og fortalt med hjelp av figurar som ho festa til to flanellograftavlar. Borna såg ut til å følgja godt med. På slutten av preika fann så Fischer fram boka om Sakkeus, og borna fekk utdelt kvar si bok saman med 'gullmyntar' av sjokolade.

Seinare i gudstenesta bad presten ei bøn for dei nye 1. klassingane, ei bøn som vert nytta i Sund sokn og som startar slik: "Kjære Gud! Takk for at vi her i Noreg får gå på skule og læra å lesa, skriva og rekna. I dag ber vi spesielt for alle 1.klassingane! Kjære Jesus, ta vare på dei og gå saman med dei på skulevegen."

Etter gudstenesta var det kyrkjekaffi for dei vaksne medan borna fekk vera med på ei skattejakt i regi av kyrkjelydspedagogen. Søndagen etter var det ei tilsvarande gudsteneste i Kausland kyrkje.



Kunst frå skuleelevar

Tekst: Harald P. Fylling

Foto: Yngvild Mørner Sørheim

Når Fjell kyrkje skal feira 150-årsjubileum, er det viktig å engasjera skulane i kyrkjelyden, meiner Harald Fylling, som er medlem av soknerådet og tidlegare prest i Fjell og Foldnes. Difor har elevar ved Kolltveit, Knappskog, Ulveset og Skålvik skular fått i oppgåve å laga teikningar med motiv frå Fjell kyrkje som skal stillast ut under jubileet.

Ideen har Fylling tatt med seg frå Saltdal i Nordland der dei feira jubileum i 2014. Elevar sende inn masse flotte teikningar som så blei laminerte og tredd inn på eit langt tau og strekt ut rundt heile kyrkja. Dermed kunne bygdefolket gleda seg over desse

lokale «kunstverka» gjennom heile jubileumsveka.

Gjennom eit samarbeid mellom kyrkje og skule har elevar frå dei fire skulane i Fjell sokn deltatt med å laga mange teikningar, men også kollasjar/utstillingar som fortel om kyrkja si historie og i tillegg vindaug-kunst som skal stillast ut i kyrkjelydssalen i Fjell.

Dei laminerte teikningane skal så tredast på snorer som blir hengt opp ved inngangspartiet i kyrkja - godt synleg for alle som både køyrer og går forbi gjennom heile jubileumsveka som varer frå 21. til 29. september. Håpet er at dette kan vera med og skapa interesse og engasjement for det arbeidet

som blir gjort for både små og store i kyrkjelyden.

Gjennom 150 år har Fjell kyrkje vore eit samlingspunkt for folket i glede og sorg, og mange er glade i denne kyrkja som det siste året er restaurert og fornya for å framstå innbydande til jubileumsmarkeringa. Nye generasjonar treng å bli kjent med kyrkja si historie. Denne utfordringa gjekk elevane inn for med stort engasjement. Resultatet blir å sjå i slutten av september gjennom blafrande teikningar på utsida av kyrkja og utstillingar og kunst i vindaug på innsida.



Kransnedlegging 17. mai

Sokneprest Espen Tveten og ordførar Tom Georg Indrevik ved minnesmerke ved Blomvåg kyrkje over fallne etter 2. verdenskrig.

Ottar Vik



Innsetting

Under familiegudstenesta 18. august vart tre nye medarbeidarar innsett i Fjell kyrkje, med presentasjon og bønn. Her fekk diakoniarbeider Renate Olsen Seim, kantor Solveig Karoline Flekstad Vik og ungdomsarbeider Jakob Myhre ei fin velkomst av kyrkjelyden.



Sommarfest

Sommarfesten i Landro kyrkje etter gudstenesta 9. juni blei ei fin oppleving med god grillmat, kiosk i gangen, kaffi og is, leikar, konkurransar og allsong. Ei kjekk stund med god tid til koseleg prat rundt borda. Godt å ta med seg inn i sommarferien!

Ragnhild Bjelland



Friluftsgudsteneste på Tyssøy

I mange år har det i Sund sokn vore vanleg å leggja ei friluftsgudsteneste til kyrkjesteinane på Tyssøy, ved restane av Ludvigs kapell som vart reist der tidleg på 1300-talet. I år var denne gudstenesta lagt til søndag 16. juni. Vêret var utrygt, men det heldt seg tørt så lenge gudstenesta ved Kjell-Asle Børnes varte.

At det var opphaldsvêr så lenge var ikkje minst kjekt for dei som var der med eit barn som skulle døypast. Men ikkje berre dåpsfølget fylte benkane, som var sett ut på bakken ved dei to steinane, ein god del andre hadde også funne vegen til Tyssøy. Tre gonger i gudstenesta kunne dei høyra Sund Brass spela. Musikken elles sørga organist Marija Bernotaite for på eit el-orgel.

Etter gudstenesta var det som vanleg kyrkjekaffi med fleire gode kaker som ein kunne kosa seg med medan ein prata med andre som var der.

Olai Otterå



50-årskonfirmantjubilanter

I juni vart det stelt i stand feiring av dei som vart konfirmerte i Blomvåg kyrkje og i Hjelme kyrkje for 50 år sidan! Dei vart markerte under gudsteneste og fekk feire saman etterpå.

Friluftsgudsteneste ved Livets Portal

Om ein går vestover i marka frå Telavåg skule, kjem ein etter 30-40 minutt til Livets Portal, eit sirkelforma monument som er sett opp der på Grana, som staden der ved havet heiter. Hit var det sokneprest Lars Arne Vik ville ta kyrkjelyden med på ei friluftsgudsteneste i slutten av juni. Så stor forsamling vart det nok ikkje, men 10 personar greidde han likevel å få med seg i det fine vêret denne søndagen.



Ved Livets Portal var det naturleg for Lars Arne Vik å snakka om portalar i preika si. Han meinte at vi alle har ulike portalar vi må passere opp gjennom i liva våre. Spørsmålet blir kva som skjer med oss ved dei ulike passeringane. Musikk mangla der vest mot havet, men song vart det likevel, og opplegget elles for denne friluftsgudstenesta var som ei vanleg gudsteneste.

Olai Otterå



Avvigsling av Telavåg bedehus

Telavåg bedehus er ikkje lenger eit bedehus. I mai i år vart bedehuset avvigsla av sokneprest Lars Arne Vik. Bakgrunnen for dette er at bedehuset ikkje har vore i bruk dei siste åra, og det var ingen som ville overta drifta av det som bedehus. Fleire av dei som sat i styret for bedehuset hadde gått ut av styret, og berre eit par personar var att med ein alder på over 90 år. No er bygget overteke av Telavåg Velforening. Kva planar dei har for bygget er førebels ikkje klart.

Lars Arne Vik nytta høvet til å takka for det han håpte bedehuset hadde betydd for Telavåg i dei om lag 70 åra det har stått attmed vegen ved brua over vågen. Til slutt erklærte han bedehuset for avvigsla som bedehus.

Olai Otterå

Vi gir deg ro til å hedre den som har gått bort.



PH
FJEDER

SOLSTRANDS
BEGRAVELSESBYRÅ

Sartorgården, 2. etg. over Meny, 5353 Straume
Tlf: 55 55 16 16 | solstrands.no | post@solstrands.no

Bergen & Omegn
BEGRAVELSEHJELP
POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv



Knut Helge Polden Espen Polden Heine Polden Cathrine Polden Misje

Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700
www.bergenogomegn.no

AVD. BERGEN
Teatergt. 20
5010 Bergen
Tlf: 55 21 44 50

AVD. SOTRA
2. etg på Shellstasjonen
Sartor, 5353 Straume
Tlf: 55 21 44 50



**Leirstedet til IMF
Midthordland**

- Leir - Ungdomsklubb - Catering - Bowling - Kurslokaler - Overnatting - Selskapslokaler til små og store anledninger - Bursdagsarrangement

Tlf. 56 31 04 40
Fjell-ly leirsted
Møvikvn.193, 5357 FJELL. www.fjell-ly.no



**Sund Senter
Blomster**

Opningstider
Mån.-ons. kl. 09-18, tors.-fred. kl. 09-20
og laurdag kl. 09-16

Vi er fagutdanna og utfører alt i binderi til fødsel, dåp, konfirmasjon, bryllaup og gravferder - og elles det du måtte ønska. Vi har utkjøring av blommar kvar dag. Vi har gravstell.

Tlf.: 56 33 90 13



Din lokale elektriker!



Thunestvedt
Vestgar

Møllestykket 21
5360 Kolltveit
Tlf. 400 30 210
vestgarelektro.no
vestgar@thunestvedt.no

Annonserer i

Himmel&hav

**Vil du synast for alle
innbyggjarar
i Øygarden kommune?**

Bladet hamnar i alle postkasser i Øygarden, og det er 4 utgåver pr. år med eit opplag på ca. 15 000

Ved å annonsere i Himmel&hav får du gjort bedrifta di synleg i eit seriøst magasin til heile Øygarden.

**Ta kontakt med oss for meir informasjon og prisar:
ys487@kyrkja.no**



Barnekorkonsert i Landro

Ein tirsdagskveld i slutten mai heldt Fjell barnekor og Landro barne-
tweens- og teenskor konsert i Landro kyrkje.

Tekst: Alvhild Vassel Eide

Foto: Åsmund V. Sjursen

Foreldre, besteforeldre og andre fylte godt opp i salen og fekk høyra born som song med takk og glede og stor entusiasme.

Dei to kora song fleire avdelingar kvar, i alt ti songar glede dei oss med, med og utan bevegelser, med og utan solistar. Tekstane kunne dei utanboks og stemma brukte dei!

I tillegg framførte Teenskoret tre songar åleine. Dei er kun tre

songarar, men får det til å lyda vakkert! Alle songane hadde tonefølgje av piano (Eivind Kausland/Eline Olsen), trommer (Morten Torsvik) og elbassist (Roger Eidem)

Fjell barnekor vart dirigerte av Cathrine N. Samland og Tuva Øksnes Espedahl (11 år) dirigerte Landro-koret.

Kari Burke Romarheim heldt andakt og fortalde om Jesus som

kalla læresveinar til å følgja seg. «Bli med», sa Kari og fekk alle med seg i høgroysta oppfordring.

Til slutt fekk alle som ville, både born og vaksne, delta i kahoot!, quiz på telefonen!

Takk for songen, takk for gleda, takk for samver i Gud hus! Og takk til dykk vaksne som øver med borna året gjennom!

Fest for frivillige i Sund

Den årlege festen for dei frivillige i Sund sokn var i år lagt til torsdag 6. juni.

Tekst og foto: Olai Otterå



Det er på denne måten soknerådet vil takka dei mange frivillige i soknet som er med på å driva kyrkja med ulike frivillige tenester som dei utfører i løpet av året. –Utan dei frivillige hadde det ikkje gått, vert det gjerne sagt.

Mange av dei frivillige hadde møtt fram i kyrkjekjellaren i Klokkarvik. Ein liten vri var gjort på menyen denne gongen. I staden for lapskaus, som har vore vanleg, vart det servert ein

gryterrett, men kaffi og kaker var som vanleg. Den pensjonerte læraren Kjell Bergsvik var henta inn som kåsør. I kåseriet fortalde han om oppveksten sin i Austrheim. Han meinte at det hadde vore eit skilje der i hans oppvekst. Det var dei som gjekk på bedehuset og dei som gjekk i kyrkja. Og juletreffestane på bedehuset fekk vi også høyra ein del om. Mykje musikk vart det òg, for han spelte ikkje berre på saksofon, men også både på munnspel og sag. Organist Marija Barnotaite hadde også eit par song- og musikkinnslag, og Lars Arne Vik hadde eit innslag som han kalla 'Fingerbingo'.

Som vanleg på desse samlingane var det god tid til å drøsa rundt borda, men kvelden blei avslutta oppe i Sund kyrkje.

Orgeldugnads-konsert

Foldnes kyrkje
tysdag 1. oktober kl 19.30
Gratis inngang - kollekt



I løpet av juni har Foldnes sokneråd vore så heldige å få kjøpa eit Hammond-orgel av den ekte, klassiske sorten etter å ha hatt det på prøve i kyrkja sidan mars. Det er eit Hammond C3 frå 1958 med Leslie-høgtalar som har vore i privat eige i Bergen sidan 1990-talet. Før dette stod det i ei kyrkje i delstaten Washington i USA.

Soknerådet bestemte seg for å kjøpa orgelet, men håpar på gåver til å finansiere innkjøpet - og derfor blir det ein stor orgeldugnadskonsert i Foldnes kyrkje tirsdag 1. oktober der vi kan visa orgelet skikkeleg fram og forhåpentlegvis stimulera entusiasmen for å vera med å bidra økonomisk.

Mange spennande aktørar vil delta, m.a. Gospelkoret Lokal Vokal, Ramp-bandet med solistar og organist Arnt Thyve. Det blir sterkt fokus på gospel og andre sjangrar der hammondorgelet verkeleg kjem til sin rett.

Det blir gratis inngang, men ein kan rekna med eit mildt press for ein astronomisk kollekt.

Nye i kyrkjestaben

Vi ønskjer velkommen til dei som er tilsette i sommar!



Jakob Myhre er tilsett i 20% stilling som ungdomsarbeidar i Fjell sokn. Stillinga er knytt til konfirmantarbeidet i Fjell, Fasteaksjonen, KRIK Vestsio og Ulveset og tweensarbeidet i Fjell. Jakob har ein spennande bakgrunn i idretten og har sjølv gått på Framnes kristne vidaregåande skule og Bildøy Bibelskule.



Kyung Mi Yun er tilsett i 20% stilling som ungdomsarbeidar i Landro sokn. Stillinga hennar er knytt til konfirmantarbeidet i Landro, Fasteaksjonen og være leiar på Landroklubben for 8. trinn og oppover. Landroklubben er ein ungdomsklubb og er svært viktig for kyrkjelyden.



Morten Torsvik er tilsett av tilsetjingsrådet i Bjørgvin bispedømme som ny sokneprest i Landro sokn. Morten har tidlegare vore lærar på Bildøy bibelskule og sokneprest i Fjell sokn. Dei siste to åra har han og kona vore i Etiopia, der har dei vore misjonærer.



Nytt ungdomsteam

Fire ungdomar ser fram til eit år i ungdomsteam i Hjelme og Blomvåg. Adrian Sollid frå Alversund, Kaia Stautland Eide frå Stord, Timothy Calem Hefley frå Trondheim og Matilde Valvik Birkeland frå Osterøy.

Også i år vil ungdomsteamet vera eit samarbeid med Helgeland folkehøgskule og alle har gått på skulen der i året som gjekk. «Det er nok eit av dei best vala eg har tatt. Her har eg fått vokse i trua, opplevd masse og fått mange nye venner», seier Calem. Adrian fortel at han gler seg veldig til å bli kjent med Øygarden og alle flotte folk der. Matilde er enig og håpar å få bruke eit år for Jesus der ho kan få bety ein forskjell for andre. «Eg trur også det blir spennande å arbeide i team der vi kan bruke dei ulike eigenskapane våre til å utfylle og utfordre kvarandre», avsluttar Kaia.

Teamet blir å treffe på det meste av barne- og ungdomsarbeid i Hjelme og Blomvåg, men særleg med konfirmantane, på leir på Skjergardsheimen og på ungdomsklubben.



VELKOMMEN TIL GUDSTENESTE!

SØNDAG 15. SEPTEMBER

Sund kyrkje kl. 11: Gudsteneste med konfirmantpresentasjon ved Lars Arne Vik, dåp. Offer: eige arbeid.

Fjell kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Kjell-Asle Børnes, dåp og nattverd. Offer: T-dagsarbeidet

Foldnes kyrkje kl. 11: Gudsteneste med konfirmantpresentasjon. Ved Maria Tveten, dåp. Offer: Eige arbeid.

Landro kyrkje kl. 11: Gudsteneste med konfirmantpresentasjon. Ved Morten Torsvik, dåp og nattverd.

Hjelme kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Knut Kaldestad, dåp og nattverd. Offer: kyrkjelydsarbeidet.

SØNDAG 22. SEPTEMBER

Kausland kyrkje kl. 11: Konfirmantjubileumsgudsteneste ved Kjell-Asle Børnes, nattverd. Seksti- og syttiårsjublantar er inviterte. Offer: Mercy Ships Norge.

Fjell kyrkje kl. 11: Familie-gudsteneste ved Per Hjemdal, dåp. Fleire flotte barnekor, 4-årsklubb får diplom. Offer: Søndagsskulen

Foldnes kyrkje kl. 11: Jazz-gudsteneste ved Knut Kaldestad, nattverd. Offer: Musikkarbeidet i kyrkjelyden.

Landro kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Morten Torsvik, dåp.

Blomvåg kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Espen Tveten, dåp og nattverd. Offer: P7.

SØNDAG 29. SEPTEMBER

Fjell kyrkje kl. 11: Jubileumsgudsteneste! Felles gudsteneste for alle fem sokn ved Per Hjemdal og Jan Tommy Fosse, nattverd. Øygarden kyrkjebrass og eit prosjektkor med Sotra Reviderte deltek. Etter gudstenesta blir det helsingar og kyrkjekaffi. Kom og bli med på feiringa, gjerne i historiske klede eller i bunaden! Offer: Fjell kyrkje.

SØNDAG 6. OKTOBER

Kausland kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Lars Arne Vik, dåp. Offer: NLA høgskulen.

Foldnes kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Jan Tommy Fosse, dåp og nattverd. Offer: Sjømannskirken.

Landro kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Kjell-Asle Børnes, dåp og nattverd.

Blomvåg kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Knut Kaldestad, dåp og nattverd. Offer: Kyrkjelydsarbeidet.

TYSDAG 8. OKTOBER

Foldnes kyrkje kl. 19.30: RAMP kveldsmesse med nattverd.

SØNDAG 13. OKTOBER

Sund kyrkje kl 11: Gudsteneste ved Kjell-Asle Børnes, dåp og nattverd. Offer til KABB.

Fjell kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Morten Torsvik, dåp og nattverd. Konfirmantjubileum. Offer: Den norske kyrkje i utlandet/Sjømannskirken

Hjelme kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Knut Kaldestad, dåp og nattverd. Offer: Laget.

SØNDAG 20. OKTOBER

Kausland kyrkje kl. 11: Familie-gudsteneste med haustakkefest ved Lars Arne Vik, dåp. Offer: TV-aksjonen.

Fjell kyrkje kl. 11: Familie-gudsteneste ved Knut Kaldestad, dåp og nattverd. Offer: Basecamp

Foldnes kyrkje kl. 11: Familie-gudsteneste ved Maria Tveten, nattverd. Offer: Norges KFUK-KFUM.

Landro kyrkje kl. 11: Familie-gudsteneste med haustakkefest. Ved Jan Tommy Fosse, dåp.

Kulturhuset Rong kl. 11:

Øygaardssong familiegudsteneste. Fellesarr. INRI-kyrkja, Vik bedehus og Hjelme og Blomvåg sokn. Espen Tveten, Olav Vindenes, nattverd. Awana-opplegg for barna.

SØNDAG 27. OKTOBER

Sund kyrkje kl. 11: Familie-gudsteneste med haustakkefest ved Kjell-Asle Børnes, dåp. Stjerneketret syng. Offer til eige arbeid.

Fjell kyrkje kl. 11: Bots- og bønedagsgudsteneste ved Per Hjemdal. Offer: Laget/NKSS

Foldnes kyrkje kl. 19: Kveldsgudsteneste ved Kjell-Asle Børnes, nattverd. Offer: IKO - Kirkelig pedagogisk senter.

Landro kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Morten Torsvik, dåp og nattverd.

Hjelme kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Espen Tveten, dåp og nattverd. Offer: Norsk Luthersk Misjonssamband.

SØNDAG 3. NOVEMBER

Kausland kyrkje kl. 11: Helgemesse ved Kjell-Asle Børnes, dåp og nattverd. Offer til Kirkens bymisjon i Bergen.

Sund kyrkje kl. 17-19: Open kyrkje. Her kan du tenne lys, be, reflektere eller berre vere til stades.

Fjell kyrkje kl. 11: Helgemesse ved Per Hjemdal, nattverd. Offer: Kyrkjelydens barne- og ungdomsarbeid.

Foldnes kyrkje kl. 11: Helgemesse ved Maria Tveten, nattverd. Offer: Kirkens SOS.

Landro kyrkje kl. 11: Helgemesse ved Morten Torsvik, nattverd.

Blomvåg kyrkje kl. 18: Helgemesse ved Espen Tveten. Offer: Stefanusalliansen.

TYSDAG 5. NOVEMBER

Foldnes kyrkje kl. 19.30: RAMP kveldsmesse med nattverd.

SØNDAG 10. NOVEMBER

Sund kyrkje kl. 19: Lovsongs-gudsteneste ved Lars Arne Vik, dåp og nattverd. Offer: Stefanusalliansen.

Fjell kyrkje kl. 11: Vigslings-gudsteneste ved biskop Ragnhild Jepsen og Per Hjemdal, dåp og nattverd.

Felles gudsteneste for Fjell og Landro. Offer: Bibelselskapet.

Foldnes kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Maria Tveten, dåp og nattverd. Offer: eige arbeid.

Hjelme kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Knut Kaldestad, dåp og nattverd. Offer: Stefanusalliansen.

SØNDAG 17. NOVEMBER

Kausland kyrkje kl. 11:

Gudsteneste ved Lars Arne Vik, dåp og nattverd. Offer:

Den norske Misjonsallianse

Fjell kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Kjell-Asle Børnes, dåp og nattverd. Offer: Kirkens SOS.

Foldnes kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Knut Kaldestad, dåp og nattverd. Offer: Areopagos

Blomvåg kyrkje kl. 15:

Gudsteneste ved Espen Tveten, dåp og nattverd. Gospelteens syng. Merk tiden! Offer: Åpne Dører.



Dåp betyr at det er høve til å ha dåp. Vi tek atterhald om at det kan komme endringar i gudstenestene, følg med på SKJERIKYRKJA.NO

Bibeltimar i Nautnes bedehus

Torsdag 29. august kl 19.00 ved Audun Hjellvik

Torsdag 26. september kl 19.00 ved Vegar Hetlebakke

Torsdag 31. oktober kl 19.00 ved Ole Corneliusen

Torsdag 28. november kl 19.00 ved Kristian Siljuholtet

TRENG DU NOKON Å SNAKKE MED?

Nokre som ringer tenkjer på å ta sitt eige liv,
andre er usikre, einsame eller redde.
Nokre treng berre å slå av ein prat.

Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no

SOS
22 40 00 40

SOS
CHAT

SOS
MELDING



Kontaktinfo

SOKNERÅDSLEIARAR

Sund sokneråd:

Arne Bakke, arne-bak@online.no

Fjell sokneråd:

Eigil Nødtvedt, netgil@online.no

Foldnes sokneråd:

Per Helge Refvik,
perhelgerefvik@msn.com

Landro sokneråd:

Dag-Olav Bjorøy, bjoroy@online.no

Hjelme og Blomvåg sokneråd:

Erling Vik, erl-vik@online.no

FELLESRÅDSLEIAR

Gisle Kåbø Rong,
gislerong@hotmail.com

KYRKJEVERJE

Annlaug Børve, 473 04 530,
ab766@kyrkja.no

SJELESORG OG SAMTALE

Vi har alle teieplikt, så det som vert fortalt
oss kjem ikkje vidare. Du må difor med
frimod ta kontakt med ein av oss:

Prost Jan Tommy Fosse: 924 63 278

Diakon Astrid Fylling: 971 75 733

Sokneprest i Sund Lars Arne Vik:
477 56 440

Diakon i Sund, Torunn N. Utvær:
922 34 648

Sokneprest i Fjell Per Hjemdal:
411 26 549

Diakoniarbeider i Fjell,
Renate Olsen Seim: 994 63 819

Sokneprest i Foldnes Maria Tveten:
450 63 016

Diakoniarbeider i Foldnes,
Maria Wergeland: 924 08 805

Sokneprest i Landro Morten Torsvik:
909 37 169


Diakon i Landro, Synnøve Engelsen Eide:
950 55 178

Sokneprest i Hjelme og Blomvåg
Espen Tveten: 916 17 800

Diakoniarbeider i Hjelme og Blomvåg/
Foldnes, Ellen Ebbesvik: 924 42 881

Du kan også lese
om kyrkja si
verksemd på:
kyrkja.no/oygarden

Returadresse:
Øygarden kyrkjekontor
Tytebærbrekko 2
5353 Straume



Møteplassen ♥ ung i sorg

For deg som har mista nokon du er glad i. Her kan du møte andre ungdom som også er i sorg.

- For ungdom 13-16 og 17-20 år
- Gruppa er open for alle, uansett livssyn
- På kyrkjekontoret på Straume
- Gruppa blir leia av diakon og helsesjukepleiar
- Sjå www.kyrkja.no/oygarden/moteplassen for meir informasjon



DEN NORSKE KYRKJA
Øygarden kyrkjelege fellesråd



Dåp

Rom for ei ny byrjing

I dåpen får vi løftet om at Jesus er med oss alle dagar. Vi blir sameina med Kristus, og blir ein del av det store fellesskapet i kyrkja. Dåp skjer vanlegvis i ei søndagsgudsteneste, eller i ei eiga dåpsgudsteneste.

For informasjon og påmelding til dåp og dåpskurs gå inn på

kyrkja.no/oygarden/dap



DEN NORSKE KYRKJA
Øygarden kyrkjelege fellesråd